



Justis- og beredskapsdepartementet
Rednings- og beredskapsavdelinga
Postboks 8005, Dep
0030 OSLO

Att:

Dykkar ref

Vår ref (oppkje ved svar)
14/1673

Dato
07.02.2014

Framtidig organisering og ressursbruk i brann- og redningstenesta - høyring frå Gloppen kommune

Gloppen kommune v/formannskapet har denne merknaden til den såkalla «Brannstudien»:

1. Gloppen kommune meiner brann- og redningstenesta framleis skal vere ei kommunal teneste, og kommunane sine uttalar må tilleggast avgjerande vekt i det vidare arbeidet med Brannstudien
2. Gloppen kommune sitt prinsipielle syn er at regjeringa bør vurdere organiseringa av brann- og redningstenesta som ein del av arbeidet med ei ev. kommunereform
3. Gloppen kommune meiner brannstudien legg for lite vekt på dei grunnleggande prinsippa i viktig samfunnstryggleik og beredskapsarbeid: prinsippa om ansvar, nærleik, likskap og samvirke. Det er også i for liten grad tatt omsyn til korleis ein skal halde oppe og vidareutvikle det gode samarbeidet med frivillige. Hendingar den siste tida har vist at i eit spreiddbygd samfunn, så er samarbeidet med lokale og frivillige avgjerande
4. Det må leggjast til rette for god samhandling med andre naudetatar og alle bør ha fast responstid. I dag kjem brann- og redningstenesta ofte først til staden i samband med trafikkulukker og andre hendingar, dette vert opplevd som svært krevjande. Gloppen kommune meiner difor at det heilt nødvendig å sjå brann og redning i samanheng med framtidig organisering av politi - og ambulansetenesta. Totalt sett må ein ivareta kravet om tilfredsstillande tenester med nærleik til innbyggjarar, trafikantar og andre.

Uttalen vart samrøystes vedteke på formannskapet sitt møte den 6. februar i år, sak 19/14.

Med helsing

Runar Kleppe
brannsjef
tlf. 950 32 499

Dette brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.